

# Tyssedal

## VEGEN TIL SKJEGGEDAL

Den Norske Turistforening (DNT) bygde denne turistvegen som rideveg i åra 1898–1904. Det var DNT sitt største vegprosjekt til då. Fossane i SKJEGGEDAL var store turistattraksjonar som DNT sidan fekk freda for kraftutbygging. Merket til DNT, måla i gull og raudt, vart hogge inn i fjellveggen ved Rjukandefossen. Det er 2,5 m høgt og enno godt synleg.

Turistvegen er bygd på sørsvida av dalen. Han går gjennom lauvskog og store urder under den dramatiske fjellsida og stig brått i hårnålssvingar ved Rjukandefossen. Utsikten ned i juvet her er sugande. På Svelgarhaugen var det i turisttida kafédrift; vi ser her spor etter husmurane. Ved Lonena fører ei fin og solid trebru over elva til bilvegen. Brua er rehabiliterert. Vegen vidare går om lag langs same trasé som turistvegen og gangvegen tidlegare. Fram til 1932 var dette den einaste kjervegen til Skjeggedal. All transport til damutbygginga gjekk på taubaner og langs denne vegen.

## TYSSEDALE-SAMFUNNET

**TYSSEDALE** framstår i dag som eit klassisk industrialsamfunn, eit bilet på det moderne Noreg frå hundreårsskifte til i dag. A/S TYSSEFALDENE vart etablert i 1906, og 1. mai 1908 vart Tyssedal kraftstasjon sett i drift. Anleggsarbeidet for første byggjetrinn vart gjennomført på kort tid, med ein arbeidsstyrke på 500 mann. Dei bygde vasstunnelar, reguleringsdam, kraftstasjon, røyrgate, kai, taubaner, kontorbygg, bustader og 6 km krafline i ville fjellet til Odda, for å skaffa kraft til det nye smelteverket.



Tyssedal kraftstasjon, bygd i 1908 etter teikningar av Thorvald Astrup og Victor Nordan, vert verna som industriminne – eitt av Noregs mest monumentale industribygg.

**G**ründeren SAM EYDE, grunnleggjaren av Norsk Hydro, var den første generaldirektøren i A/S Tyssefaldene. Etterfølgjaren hans, RAGNVALD BLAKSTAD, gjennomførte full utbygging av kraftstasjonen og Ringedalsdammen. Dette damanlegget i hoggen granittstein, 520 m langt og 33 m høgt, var Noregs største då det var ferdig i 1918. Dei fleste av Tyssefaldene sine bygningar er frå perioden 1912–1917, teikna av kjende norske arkitektar som Morgenstierne & Eide, Thorvald Astrup og Victor Nordan. «Administrasjonshotellet», forsamlingshuset «Festiviteten», kontorbygningen, Tveitahaugen hageby og andre bustadområde skriv seg frå denne tida.

**D**ET NORSKE NITRIDAKTIESELSKAP, som dreiv Eydehavn, bygde aluminiumsfabrikk i Tyssedal i 1916. Denne var i produksjon fram til 1981, men vart riven for å gje plass til ilmenittsmelteverket, TTI, som hentar ut jern av ilmenitten. Hovudproduktet er titandioksydslagg, som går til pigmentindustrien. Industrialsamfunnet Tyssedal har gjennomlevt skiftande tider. På gardane Tyssedal og

Tyssedalstveit budde det omlag 30 menneske før kraftutbygginga tok til. Folketalet i Tyssedal kom på det meste opp i ca 1500. I dag er Tyssedal kraftstasjon freda. Administrasjonsbygget er hovedbase for NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM, NVIM, som også omfattar arbeidarbustader i Odda og eit industrihistorisk arkiv. □



Ringedalsfossen inst i Skjeggedalen – ein av dei sjeldne gongane fossen viser seg i alt sitt velde. Dette var eitt av dei vakraste fossefall i Noreg.



Tyssedalsamfunnet kring 1920; arbeidarane nede og funksjonærane oppe.